




TEKSTILINDUSTRI-
MUSEET

M U
H O

Årsmelding 2021



Innleiing

Tekstilindustrimuseet forvaltar Salhus Tricotagefabrik, som sidan 1990-talet har vore eit av dei 15 prioriterte nasjonale teknisk-industrielle kulturminna til Riksantikvaren. Desse 15 kulturminna representerer ulike delar av Noregs industrihistorie i Riksantikvarens bevaringsprogram, og av kring 11 årsverk på avdelinga, er 3 lagt til dette bevaringsprogrammet.

Frå 2021 overtok Vestland Fylkeskommune forvaltingsansvaret som del av regionreforma. Vi har ei fagleg personalgruppe innan forvalting (samlingsforvalting og bygningsvern), formidling og forsking. Ved sidan av driv vi ein kafé og ein museumsbutikk, der mange av produkta i butikken er produserte på maskinparken. Vi har eige budsjett og er kring 15 tilsette. Bergen kommune er vertskommune og vi mottek faste driftsmidlar frå kommunen, og frå Vestland fylkeskommune, Kulturdepartementet, og Riksantikvaren. Museet fekk ein auke på kr 250 000 frå Bergen kommune etter budsjettforhandlingane i bystyret desember 2021.

2021 skil seg ut ved at det vart oppdaga asbest i delar av fabrikkanlegget, noko som medførte stengt museum i fleire månader og endring i oppsett arbeidsplan for handverkarane, og for andre tilsette. Rekneskapen for asbestosaneringa i 2021 enda på totalt kr 1 895 395,-, der midlane kom via omdisponeringar frå post 72 som var sett av til andre planlagde vedlikehaldstiltak, Stiftelsen UNI, Bergen kommune, Vestland fylkeskommune og eigne midlar. Det må søkast midlar også i 2022 og i åra framover for å fjerne asbesten i fleire delar av fabrikklokala. Det er laga ein eigen rapport over arbeidet med asbestosaneringa.

2021 vart òg endå eit år råka av Covid-19, og med det stengde museum, og besøkstalet i 2021 vart svært lågt. Då sentrale helsemyndigheter i korte periodar opna opp for at kulturinstitusjonar kunne ta imot besøkande, avvikla vi ein nedskalert Bergen Strikkefestival. Tala på museumsgjestar i sommarsesongen mai–august vart ikkje som ein vanleg sommar, men likevel nokolunde tilfredsstillande. Gjennom sommarsesongen testa vi ut ein ny meny i kafeen, som vart godt motteken.

Med mykje bruk av heimekontor, har vi hatt fokus på å samlast sosialt når det har vore moglegheiter til det. Vi samlast og åt pizza på Olivia i vinter, og har ved høve vore sosiale med mat og drikke i kafeen utover arbeidstid. Elles har vi feira tilsette sine runde dagar.

I løpet av 2021 vart TIM også sertifisert som Miljøfyrtårn. Vi har hatt besøk av Bergen kommune si Fagavdeling for kunst og kulturutvikling, som fekk ei orientering om TIM og MUHO, saman med ei omvising i Salhus Tricotagefabrik. Elles få besøk av forvaltinga eller myndigheter i 2021. I løpet av sommaren var også podkasten Strikkeklikken på besøk på museet, resultatet du høyre i episoden «[På tur til Tekstilindustrimuseet!](#)

Foto framsida øvst f.v.: livesending med Strikkeklikken under årets utgåve av Bergen Strikkefestival (høyr episoden [her](#)); frå utstillinga «Førestilling» av Nina Bang Larsen (foto: Thor Brødreskift); asbestosanering på spoleloftet.



Tilsette 2021:

- Ann Kristin Ramstrøm, avdelingsleiar
- Anneli Belsvik Aras: nestleiar, formidlar og kurator Galleri Salhus
- Ingrid Haugrønning: formidlingsleiar
- Hanne Dale: samlingsleiar
- Trond Oddekalv: driftsleiar og handverkar
- Bjørnar Myklebust: handverkar
- Geir Arne Tverlid: maskinteknikar
- Siri Angela Gamborg: produksjonsansvarleg, museumsbutikk og formidlar
- Ellen Marie Risbruna: marknadsføringsansvarleg, formidlar og festivalleiar
- Ildrid Reither Børte: guide
- Vilde Marie Birkeland: guide
- Tina Athari: guide
- Ida Westberg: guide
- Helma Kristine Rønhovde: kaféhjelp
- Sascha Camilla Gade: guide og prosjektmedarbeidar Bergen Strikkefestival
- Abdelkarim Mohamed Gadle: reinhaldar
- Liudmila Karpenka: reinhaldar (vikar)
- Sommarvikarar

Fellesressursar i MUHO som ligg til TIM sitt personale:

- Fagleg leiar og nestleiar i MUHO
- Formidlingsleiar i MUHO
- Samlingsleiar i MUHO
- Marknadsføringsansvarleg i MUHO
- Leiar av butikkgruppa i MUHO
- Hovudverneombod for MUHO
- Tillitsvald for MUHO (Forskarforbundet)
- Styremedlem i MUHO, tilsettrepresentant

Alle på TIM bidreg òg til fleire av prosjekta i strategiprosessen. Desse finn de i dokumenta og implementeringskanvas frå strategiprosessen.

Salhus, 20.1.2022


Ann Kristin Ramstrøm

leiar, Tekstilindustrimuseet



Formidling

Mål – før Covid-19: Iwareta strikkepublikummet gjennom strikkeafear og Bergen Strikkefestival, men også jobbe med å nå publikum med interesse for industrihistorie og sosialhistorie. Samstundes skal vi nå det museumsinteresserte publikummet og rette oss mot dei vi trur ønsker å oppsøke Galleri Salhus. Vi skal også halde oppe den høge kvaliteten vi har på pedagogiske tilbod til barnehagar, grunnskulen og vidaregåande skular, og på tilbod til grupper og andre gjestar på museet.



Matkurs med Stene matglede i forkant av sommarsesongen.

Generelt

Formidlingstilboden til vaksne og barn måtte endrast på i 2021. Det vart oppdaga asbest i fleire delar av fabrikklokal og vi måtte tidvis stenge ned publikumslokala. «Spoleloftet», som er sjølve kjernen i formidlinga, vart stengd av i fleire månadar medan asbesten vart fjerna i rommet. I denne perioden heldt vi ope i Galleri Salhus, kafeen og museumsbutikken, laga nye løyper for omvisingane i fabrikken og opna fleire nye utstillingar.

I tillegg måtte vi i periodar stenge for publikum grunna Covid-19 og smittevernrestriksjonar. I 2021 har vi berre halde ope to vekedagar og søndagar gjennom året, utanom sommarsesongen: vi heldt ope seks dagar i veka gjennom skuleferien. Skuleklassar og grupper som bestilte omvisingar eller leige av lokale, tok vi imot utanom opningstid gjennom heile året. Ein del planlagt utleige blei avlyst grunna arrangementsrestriksjonar. I staden for barneverkstad, laga vi aktivitetspakkar som dei kunne lage på museet eller ta med seg heim. Heilagdagane i påska markerer seg som godt besøkte.

Å berre kunne tilby omvisingar og ope museum to dagar i veka gjennom året var ei vanskeleg avgjerd. Vi såg ikkje andre løysingar grunna asbestosaneringa, smitteverntiltak og knappe personalressursar grunna svak økonomi med sterkt nedgang i inntekter frå billettar, kafé og museumsbutikken gjennom 2020 og 2021. Likevel satsa vi på sommarsesongen. Det vart lett i smittvernrestriksjonane, og mange vart optimistiske og ønska å oppleve kulturtilbod igjen. I juni heldt Stene Matglede eit matkurs som inspirasjon til oppgradering av menyen, og den vart godt teke imot av sommargjestane våre. Grunna stram økonomi og knappe personalressursar i haust,



vart vi nøgde til å redusere den nye menyen då. Bergen Strikkefestival 2021 vart gjennomført, sjølv om det var strenge smitteverntiltak. Den siste sundagen i månaden sidan august har vi, som eit inkluderande tiltak, hatt gratis inngang. Stadig fleire kjem for å sjå dei skiftande utstillingane i Galleri Salhus, men besøkstalet i 2021 generelt er svært lågt. Tilsette i formidlingsavdelinga har arbeidd mykje med tiltak og prosjekt i MUHO, mellom anna med å utarbeide MUHO sin nye formidlingsplan, SoMe-strategi og marknadsføring, og planlagt og laga nye formidlingsfilmar på dei andre avdelingane.

Undervisning

Som nemnd over har 2021 vore eit år med svært låge besøkstal, og dette heng saman med at få skuleklassar har nytta museet sine pedagogiske tilbod grunna Covid-19. Med koronamidlar frå Bergen kommune vart det laga eit utkast til eit digitalt opplegg med mål om å gi skulane tilgang til å besøke museet digitalt, direkte frå skulebenken. Støtta frå Bergen kommune dekka ikkje alle utgiftene til at vi kunne utvikle fungerande digitale løysingar for direkte formidlarmøte via Teams. Reglar knytt til personvern (GDPR) for å delta i digitale møte med elevar under 18 år gjorde prosjektet komplisert. Ei løysing vart at vi reiste til ein skule og viste det digitale opplegget for 120 skulelevar.

I staden utvikla vi tre filmar som gir publikum informasjon om museet og fabrikkhistoria. To av desse vart laga i samarbeid med filmselskapet Pandora. Filmane fungerer i andre og nye samanhengar der vi kan vise fabrikken, til dømes til dei som ikkje fysisk kan kome inn i lokala, anten på grunn av fysiske hinder eller på grunn av geografisk distanse. Filmane er mellom anna vist til nokre skuleelevar på ein skule.

Nytt pedagogisk tilbod

Vi nytta 2021 til å utvikle eit nytt pedagogisk tilbod til skuleklassar. Saman med andre avdelingar i MUHO fekk vi i samråd med eit eksternt firma, utvikla ein pedagogisk innretta Escape-Boks til bruk for skuleklassar. Hovudtema for Escape-boksen er FN sitt berekraftsmål nr 12: *Ansvarleg forbruk og produksjon*. Vi har laga eit klassesett som skal brukast mot elevar frå ungdomsskole og vidaregående skole. Boksane er sett saman av ulike oppgåver som på ein engasjerande måte lærer elevane om ulike tekstilar, kva for eigenskapar dei har og kva for tekstilar som vil vere mest berekraftige til ulike praktiske føremål. Prosjektet vert støtta av UNESCO Norge, og er klart for utrulling til skular i Bergen i 2022.

Sommarskule

MUHO fekk støtte til sommarskule frå Bergen kommune i 2021. Denne blei gjennomført i samarbeid med Bymuseet, og fann stad i lokala våre og på Hordamuseet. Totalt var 32 born på 9–14 år innom i løpet av kursvekene. For midlane leigde vi inn eksterne kurshaldarar og assistenter. Dei ulike temaa var spikking, saum, plantefarging av garn og blåtrykk. Programmet og

Besøk

	2021	2020	2019
januar	0	355	351
februar	175	394	660
mars	201	137	369
april	176	0	360
mai	94	65	679
juni	236	269	670
juli	210	264	298
august	248	290	437
september	443	431	2075
oktober	1280	605	687
november	504	14	585
desember	98	69	229
SUM	3665	2893	7400



erfaringane frå sommarskulen er utgangspunkt for søknad om midlar for mangfald og inkludering for gjennomføring av eit liknande program sommaren 2022.

Digitale arrangement

- 06.02. *Fiberside Chat*: strøymearrangement på Zoom om strikkeboka *Squares, Stripes & Lice*
- 07.02. Utstillingsopning: *Undring og erindring*
- 10.03. Samtale: «På akkord med familielivet» med Olaug Nilssen og Hilde Danielsen, i høve kvinnedagen
- 18.04. Utstillingsopning: *Berøringspunkter*
- 06.06. Utstillingsopning: *Ferd/Ein blir ikkje vane med det*

Fysiske arrangement

- 27.06. Omvising: tekstilindustrien og busetnaden i Salhus
- 12.09. Kunstnarsamtale med Anne Tveit Knutsen og Aud Bækkelund, og kurator Anneli Belsvik Aras ved utstillingsfinissage
- 01.–03. 10. Bergen Strikkefestival
- 17. 10. Utstillingsopning: Nina Bang Larsen og Felieke van der Leest
- 26. 10. Ullveka og strikkecaf  : Line Iversen om boka *Rett i garnet*
- 04.11. Kulturfest Åsane: barselomvising
- 05.11. Kulturfest Åsane: barneomvisning
- 13. 12. Luciakveld med l  ge skuldrer

Bergen Strikkefestival

Årets tema var berekraft og mangfald, noko som vart spegla i kurs- og foredragsprogrammet, og i festivalmenyen. I samarbeid med Lyngheisenteret sin kokk utarbeidde vi ein meny med fokus på lokale r  varer. For å planlegge festivalen tilsette vi ein person i ei 20 % stilling. Vi m  tte forhalde oss til nasjonale smittevernreglar, og kunne berre har 200 gjestar p   same tid. Vi kan ikkje m  le rets bes  kstal med andre   r, og i 2021 talde vi 380 bes  kande laurdag og 346 sundag. Trass i l  ge bes  kstal vart innteninga akseptabel.

Alt i alt fekk vi mange gode tilbakemeldingar fr   gjestar, kurshaldarar og utstillerar.





Under årets utgåve av Bergen Strikkefestival blei marknaden flytta til spoleloftet.



TEKSTILINDUSTRI-
MUSEET

Galleri Salhus

I 2021 har det vore fire utstillingar i Galleri Salhus. I den siste utstillingsperioden tok vi også i bruk kafémonteren til utstillingsføremål. Dette er noko vi vil halde fram med i 2022. Innkjøpskomiteen for Norsk Kunsthåndverk har i 2021 vitja alle utstillingane i galleriet.

07.02–11.04. «Undring og erindring»

Gruppeutstilling med kunstnarane Kristine Fornes, Åse Ljones og Lene Kilde. Frå denne utstillinga vart det seld fire verk: to til Nasjonalmuseet, eitt til KODE og eitt til ein privatperson. Opninga vart strøyma på Facebook.

18.04.–09.05 «Berøringspunkt»

Utstilling med studentarbeid av 13 kunststudentar ved KMD. Opninga vart strøyma på Facebook.

06.06–12.09.: «Ferd» av Aud Bækkelund, «Ein blir ikkje vane med det» av Anne Tveit Knutsen

Opninga vart strøyma på Facebook. I tillegg var det 12. september finissage med kunstnarsamtale mellom kunstnarane og ABA.


17.10.–13.12. «Førestilling» av Nina Bang Larsen, «Tekstile smykke-eventyr» av Felieke van der Leest (i kafémonteren)

To verk vart selde frå utstillinga i kafémonteren, begge til privatpersonar. Kultursjef John Christian Øvrebø frå Arna og Åsane kulturkontor heldt tale under opninga av utstillinga.


Totalt har 20 kunstnarar stilt ut i galleriet i 2021. Alle kunstnarane fekk vederlag for å stille ut, og i 2021 vart det betalt ut totalt kr. 51 000 i vederlag fordelt på 7 kunstnarar (det vert ikkje betalt vederlag til kunststudentane). Inntekta vart kr. 84 300 basert på 30 % provisjon av sal. Av all kunst over kr. 2000 vert det også betalt 5 % kunstavgift til Billedkunstnernes Hjelpefond (BKH). Dette er ei avgift som kjøpar betaler, men som museet er pliktig å leggje til i prisen og betale inn til BKH. Museet har såleis i 2021 betalt inn kr. 14 050 til BKH, pengar som igjen kjem kunstnarane til gode gjennom ulike stipend.

I 2021 har vi også fått alle utstillingane dokumenterte av ein profesjonell fotograf, og dette har vi betalt ca. kr. 10 000 for totalt gjennom året. KMD står sjølv for fotografering av si studentutstilling. Dokumentasjon har stor verdi både for museet og for kunstnarane, og under pandemien har det vore ekstra viktig å ha profesjonelle bilete å dele i sosiale media. Bilete frå Galleri Salhus har i løpet av 2021 kome tre gonger i spalten «Perspektiv» på baksida av Klassekampen.





Verk av (øvst f.v.) Aud Bækkelund, Anne Tveit Knutsen, Felieke van der Leest og Åse Ljones, vist i Galleri Salhus i løpet av året. Foto: Thor Brødreskift.



Bilete frå utstillinga «Undring og erindring». Foto: Thor Brødreskift.

Marknadsføring

I 2021 vart det laga ein felles SOME-plan for MUHO med retningslinjer for strategi og publisering. Det vart halde interne kurs for tilsette i MUHO som arbeider med sosiale media. Målet var å auke tilsette sitt fokus på val og korleis vi held kontakt med publikum gjennom dei ulike kanalane og korleis følgje opp kommunikasjonen på sosiale media. I 2021 har vi tatt i bruk verktøyet Loomly, som gjer det meir oversiktleg og enklare å planlegg innlegg på sosiale media. Vi har og jobba kontinuerleg med å få ut arrangementa våre i alle dei gratis kanalane som finst.

Konkret vart dette på TIM eit auka fokus på viktigheita av å halde jamn aktivitet i sosiale media med fagleg innhald, og innlegg som minner om opningstider og tilbod på museet. Vi laga innlegg i samband med ulike merkedagar og arrangement som Fashion Revolution Week, og ser at desse når ut til fleire og at dei gjev oss meir engasjement; likarklikk, kommentarar og delingar.

Vi har og hatt fokus på annonsering i sosiale media og på andre digitale plattformer framfor fysiske avisannonser. Desse annonsane er rimelegare, og det er enklare å sjå kor mange som har sett dei og trykka seg vidare til nettsida vår. I sommarsesongen hadde vi fleire parallelle annonser som vart spissa kring dei ulike tilboda ved museet – som til dømes kaféen, utstillinga og barneomvisinga.

Eit auka fokus på felles marknadsføring i MUHO styrkar også dei enkelte musea. Vi hadde til dømes felles annonsering i sosiale media i sommarsesongen, og for nettbutikk før jul som gav oss auka sal nettbutikken som resultat av annonseringa.



Elles har vi lage ein kort film til sosiale media om *Tekstilindustrien i Bergen* med fokus på Møllendal. Tilsett på Tekstilindustrimuseet har òg laga ein film til Bevaringstenestene og Havrå i MUHO.

Forvalting: samlingsforvalting

Mål: Vi skal ha godt oversyn over, sikre og bevare samlingane og gjere dei tilgjengelege.

Generelt

Ein del av samlingsleiari si tid går med til administrativt arbeid med bygg, anlegg og maskinpark, søknadar og rapportering. Dette inkluderer asbestutfordringane på anlegget. Det er òg gjort ein del felles arbeid i samlingsgruppa i MUHO, som gjennomgang av SPECTRUM og avhendingsrutinar i MUHO, og datavask i Hordalandsdatabasen. Dette er omtala i eigne rapportar for faggruppene.

Gjennom samlings-gruppa har vi også arbeidd med digitalisering. På TIM har vi revidert tidlegare registreringar for å auke talet på digitaliserte gjenstandar, dette ført ein auke på 440 objekt i løpet av året. Det er også arbeidd med å lenke samlingane våre på DigitaltMuseum til Wikipedia, for å gjere dei meir tilgjengelege for fleire.

Vi hadde ei innflytting i fellesmagasinet i løpet av året, og pakka om ein del tekstilar i Tekstilmagasinet. Museet har tatt imot nokre døme på tekstilar frå industribedrifter rundt Bergen i løpet av året, men må ofte seie nei til tilboda vi får grunna avgrensa kapasitet, og fordi vi får tilbod om gjenstandar vi har mange av frå før.

Vinteren 2021 har vi starta ein gjennomgang og omorganisering av maskiner, maskindelar og andre objekt som står lagra i 1. etasje i skuret for betre oversyn og tilgang.

Maskinparken



Maskinene på spoleloftet vart dekka til før asbestsaneringa.



Arbeid med symaskiner på syloftet.



Det er gjort ei generell reingjering av alle maskinene og andre overflater på strikkeloftet. Fleire symaskiner på syloftet vart blåst støv av, overholt og smurt, og ei av dei måtte få ny leidning og montert opp startsystemet under. Kjettingen som løftar foten på maskina er knekt, her må vi finne ei erstatning. Vi hadde vanskar med å få det eine systemet på strikke-maskina NTMT.08927 til å gå: det vart demontert og justert på nytt.

Asbestsaneringa på spoleloftet som starta i august, har òg vore det store prosjektet når det gjeld samling og maskinparken i 2021. Dei maskinene som ikkje var fastmonterte måtte flyttast under saneringsarbeidet, i tillegg til ein del vekter og anna mindre utstyr i lokalet. Ull og garn i lokalet måtte kasserast. Reingjering av det som ikkje var fastmontert har museet gjennomført sjølv, og maskinene har sidan blitt sett tilbake på plass. Elles er det gjennomført ordinært vedlikehald på maskinparken.


Forvalting av bygg og anlegg

Mål: Vi skal samarbeide tett med fylket i ivaretakinga av eit freda industrianlegg. Elles legge til rette for kompetanseheving innan antikvarisk bygningsvern med midlar frå Riksantikvaren. Vidare skal vi halde opp det faglege fokuset på FDV-registrering i Primus. Vi skal òg ha høgt fokus på å førebygge brann og flaumskadar. Vi skal arbeide inn mot NVE for å sikre Milaelva, og innhente meir informasjon om kva som må til for å skifte ut sprinklalaranlegget.

Vi viser til eigen rapport om forvaltning, drift og vedlikehald utført med midlane frå Post 72 over statsbudsjettet og sendt Vestland Fylkeskommune/RA. I søknaden om støtte til fabrikkanlegget i 2022 held vi fram fokuset på sanering av asbest, og søker også på nytt om tiltak som måtte omdisponerast til asbestosanering i 2021.

Det er skrive eigne rapportar om større arbeid på anlegget, som gjerne krev dispensasjon frå fredingsvedtaket. I 2021 var dette:

- asbestosanering: tiltak 1) etableringa av trygge ruter for museumsgjestar frå heis og ut gjennom underetasjen i Fabrikkbygg 1910/1900, og 2) fjerning av asbesthaldig masse på golvet på spoleloftet.
- vidare rehabilitering av golv og søyler i karderiet, Fabrikkbygg 1910 (fase 2, oppstart fase 3).
- montering av innervindauge i Fabrikkbygg 1910



Fjerning av massar under rehabilitering av golv i karderiet, Fabrikkbygg 1910.





Foredrag om Salhus Tricotagefabrik på Riksantikvaren sitt årlege fagseminar for teknisk-industrielle kulturminne i oktober.

Forsking og dokumentasjon: fagleg arbeid

Mål: Auke kompetansen og vidareutvikle den faglege tematikken.

Nasjonale forskingsprosjekt

Lausarbeidar og standararbeider

Vi har delteke i det nasjonale forskingsprosjektet *Lausarbeider og standardarbeider* i regi av Nettverk for Arbeiderkultur og arbeidslivshistorie. Det vart arbeidd med underlagsmateriale til ein artikkel i 2021: prosjektskildring, innhenting av kjeldemateriale og deltaking på digitale samlingar. Prosjektet er finansiert med støtte frå Kulturrådet.

Bærekraftige energi- og industrinarrativer

Vi deltek òg i det nasjonale forskingsprosjektet *Bærekraftige energi- og industrinarrativer*, som skal utvikle ny historisk og museologisk kunnskap, formidle refleksjonar mellom norske og internasjonale museum og forbetra musea sine samlings- og formidlingspraksisar. Prosjektet er treåring og vart starta opp desember 2021, med støtte frå Kulturrådet.

Forskinsinfrastruktur for musea i Vestland

Vi sit i arbeidsgruppa for prosjektet det regionale prosjektet *Forskinsinfrastruktur for musea i Vestland*. Prosjektet skal etablere ei stabil ramme kring forskingsaktiviteten i musea i Vestland med mål om å skape møtestader for forsking, og slik auke forskingsaktiviteten på musea og skape nye samarbeids- og utviklingsprosjekt. Prosjektet er treåring og vart starta opp desember 2021. Prosjektet er finansiert av midlar frå Kulturrådet.



Industriarvsfeltet- ansvarsmuseum/ Museumsløftmidlar frå Vestland fylkeskommune

Stortingsmeldinga *Nye mål i kulturmiljøpolitikken* peikar på at det skal leggjast til rette for at det vert arbeidd for å auke kunnskapsgrunnlaget om teknisk-industrielle kulturminne. Fleire av fylket sine kulturminne og tematiske felt er utforska og godt arbeidd med, men fleire sider ved tematikken industriarven er i dag ikkje dokumentert, forska på eller formidla. Industriarven som felles tema på tvers av musea eignar seg difor for fellesprosjekt på tvers av musea. I 2021 fekk TIM 195 000 kr i prosjektstøtte av Vestland fylkeskommune, som grunngav tildelinga slik:

Museumssenteret i Hordaland ønsker i samarbeid med Museum Vest, Kraftmuseet og Musea i Sogn og Fjordane å få kartlagt kunnskapen om industriarven i Vestland med utgangspunkt i musea sine arkiv og samlingar. Avdelingsdirektøren oppfattar dette som viktig samanfatning av kunnskap og som eit viktig bidrag til kunnskapsbygginga om industriarven i Vestland. Dette vil også vere eit viktig bidrag i arbeidet med bevaringsstrategiar og i forskingssamanheng.

Midlane skal brukast i 2022.

Norsk industriary

TIM har rolla som nestleiar i Norsk Industriarv. Organisasjonen arbeidar for å fremje teknisk-industrielle kulturminne inn mot Stortinget og regionalforvaltinga. Rolla som nestleiar bidrog i 2021 til at Salhus Tricotagefabrik og problemstillingar knyt til forvalting, trygge økonomiske rammevilkår og auka fokus på tema knytt til arbeidarhistoria vart trekt fram.

Sum summarum har forskingsprosjekta og vår deltaking i desse og i andre fora vore sentralt for å auke kompetansen og kunnskapen innan industriarv-tematikken.

Arbeidarbustad 1860

I 2021 har vi fullført måling av heile leilegheit E, og trappegangen utanfor leilegheita i fargar frå 1930-talet, basert på fargetrappar/rapport frå NIKU om bygningen. Her har det vore mykje småarbeid og flikking etter m.a. installasjon av sprinklaranlegg i huset, manglande lister, forlenging av kasse til avløysrør på kjøkkenet med meir. Parallelt har vi arbeidd med å finne gjenstandar som kan passe tidsperioden i leilegheita, sidan ein del har blitt tatt inn i gjenstandssamlinga til museet med dette for augtet opp gjennom åra. Arbeidet held fram i 2022.



Fornying


Mål: Vi held eit stadig fokus på å gi kunnskap om dei samfunnsmessige dimensjonane kring den globale tekstilindustrien, og vere ein møtestad for lokalbefolkninga.

Museumsbutikk og produksjon

Det vart oppretta ein felles nettbutikk for MUHO i 2020. I 2021 arbeidde vi med å leggje inn varer og prisar, og med å setje ned rutinar og fordele arbeidsoppgåver i dette fellesprosjektet, og korleis handtere lagerføring, osb. Dette skal vi halde fram med i 2022. For TIM sin del var det særleg dei tjukke raggsokkane som vart populære i nettbutikken. Prislappar og merkelappar er blitt oppgraderte med nye logo, og vi har gjennomført opplæring i samband med innføring av nytt kassesystem.

Når det gjeld omsettinga i butikken, er framleis nedgangen i publikumstal grunna pandemien merkbart, trass i rimeleg godt sal under Bergen Strikkefestival. Kravet til auka eigeninntening som ligg til museumsbutikken vart difor vanskeleg å oppretthalde og utvide i 2021.

Vi kan elles nemne at boka TIM har laga og gav ut i 2018, *Ruter og lus*, vart omsett til engelsk med tittelen *Squares, Stripes & Lice*, og kan no kjøpast i engelsktalande land, i museumsbutikken og andre bokhandlar.



Raggsokkane frå TIM er populære i nettbutikken.



Kurs og seminar, utval

- 22.02. Møte UiB, AHKR og MUHO om forsking på våre samlingar
- 22.03. Digitalt påskeseminar: digital formidling i musea
- 15.04./22.04. Møte Kulturrådet om Spectrum
- 20.04. Virtuelt Museum, Norsk Kulturråd
- April Div. brukarmøte Kulturit
- 11.05. Møte i Primusgruppa Hordalandsbasen
- 15.02. Samlingsrådet i Vestland
- Vår Leiarkurs, modul 1
- Sommar Kurs i skorsteinsrehabilitering, del 3
- 21.–22.09. Nettverksseminar: Artikkelseminar «Løsarbeidere og prekariatet»
- 25.–27.10. Riksantikvaren sitt årlege seminar for teknisk industrielle kulturminne
- Haust Leiarkurs, modul 2
- 9.-10.11. Deltaking på Riksantikvaren sitt Høstmøte
- 29.-30.11. Nettverksseminar: Oppstart av prosjektet bærekraftige energi- og industrinarrativer

I tillegg kjem diverse møter og samlingar internt i MUHO, og med kommunar og Vestland fylkeskommune, samt med våre samarbeidsmuseum.

